

Det Kongelige Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

BARNE-OG LIKESTILLINGSDEP	
Arkivkode	530-0
Dato	17/12-09
Saksnr	2009/02447-030

Dykkar ref.

Vår ref.
2009000702-3 2009015913
Ingrid Vestbø

Arkivkode:

Dato:
11.12.2009

NOU 2009: 14 ET HELHETLIG DISKRIMINERINGSVERN

Me viser til Dykkar brev d.s. 26.06.2009.

Kommunalt råd for funksjonshemma i Suldal kommune drøfta utredninga NOU 2009:14 i møte 11.12.2009 og vedtok å gje slik uttale:

Rådet for funksjonshemma i Suldal er i utgangspunktet positiv til at lovverk om diskriminering blir samla i ein lov og dermed meir oversiktleg å halde seg til.

Arbeidsgjevar sin aktivitetsplikt blir foreslått tatt inn i verksemda sitt systematiske HMS-arbeid. Dette er foreslått handheva av Arbeidstilsynet. Rådet vil peike på at ein føresetnad for at dette skal fungere, er at Arbeidstilsynet har god nok kompetanse om tilrettelegging for funksjonshemma og om universell utforming. Plikta for arbeidsgjevar til å gjere greie for aktivitet blir foreslått tatt bort. Dette meiner Rådet for funksjonshemma er uheldig, då ei slik plikt til å gjere greie for aktivitet kan gjere offentlege myndigheiter og arbeidsgjevarar meir medvitne om at tilrettelegging for funksjonshemma er viktig. Det blir også lettare for brukarar å følgje med på om verksemdene oppfyller plikta si enn om det skal vere avhengig av Arbeidstilsynet sin kontroll.

Rådet for funksjonshemma i Suldal meiner det er svært viktig at det også må stillast krav til universell utforming på arbeidsplassar og utdanningsinstitusjonar. Funksjonshemma er ei gruppe som kan ha vanskar med å bli likeverdig behandla i arbeidslivet, og for desse vil det vere særleg viktig at arbeidsplassar og utdanningsinstitusjonar også er har plikt universell utforming for å sikre likeverdige tilhøve for alle.

Rådet for funksjonshemma meiner også at universell utforming av informasjon er viktig,. Deltaking i samfunnet og tilgjenge til varer og

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse


Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.
52 79 22 03

Telefaks
52 79 22 25
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro
3202.07.01152
Org. nr.
964979189

tenester er for ein stor del basert på informasjon gitt på Internett.
Plikt til universell utforming av informasjon på Internett og andre
måtar, må også takast med i lovforslaget.

Med helsing


Eva Songe Paulsen
leiar i kommunalt råd for funksjonshemma


Torbjørn Guggedal
stabsjef